

**Avsendere innbyggjara i Duesund.**

**Til Masfjorden Kommune v/ Rådmannen, Ordførar Karstein Totland og  
Formannskapet. (Kopi til Fylkesmannen)**

## **Klage på dispensasjonstildeling i formannskapet om utviding av AK11 Duesund tilhøyrande Engesund Fiskeoppdrett AS.**

Hovudårsaka til klage vår på gitt dispensasjon er som følgjande: **Me har i seinare år registrert oftare og meir omfattende at det ligg ein «hinne av olje» over heile vannskorpa i heile Grunnevika (badevika) ved flo sjø. Denne «hinna av olje» ligger som en «biofilm» over heile vannskorpa, den er også blitt observert liggande igjen på steinar og leirsand ved fjøre. Denne «hinna av olje» er til tider heildekkande på sjøoverflata og ikkje berre flekkevis. I tillegg vert det observert gult «slaggstoff» skylt inn ved vannkant som ligg igjen på vegetasjon i vannkant, på steinar og leirsand. Me finn det høgst truleg at dette er ein konsekvens av auka aktivitet av fiskeoppdrett i nær tilknytting. Desse observasjonane gjer oss som brukerar av badevika innvendig litt opprørte, men erkjenner konsekvensen per dags dato. Dette forringar i tillegg opplevinga av aktivitet i, ved og på sjøen når «tilgrising» er som verst. Ser dette som uheldig påvirkning av naturleg biologi og ved bruk av området til rekreasjonsføremål. Me ønsker ikke meir omfattande påverking enn kva dagens situasjon tilseie.**

**Me synes sterkt at dette burde vore inkludert i ein sårbarheitsanalyse i forkant av eventuell tildeling. Sårbarheitsanalyse er manglande i saksutgreiinga slik me forstår saksgangen.**

Me vil i tillegg påpeike at for enkelte av oss i nabolaget er støy frå noverande anlegg problematisk. Særlig då eindel aktivitet ved båtferdsel til/frå og under arbeid ved anlegget foregår på nattetid. Ein kan vakne av krandrif og anna drift av båtane. Også blir det brukt lyskastarar ved tilfelle som er til sjenanse. Me har tidligare ikkje uttalt oss om dette då me har tenkt at «det må me tåle». Bekymringa no er at dette kan tenkas å verte meir problematisk med utviding av annleggsdrifta.

Nytteverdien av lokale fiskeplasser vil bli forringa i den grad at me ser det problematisk. Er problematisk allereie i dag. Om ikkje fiskerinæringa er så sterkt tilstades akkurat her i området, så er det fleire som i privat sammenheng finn stor glede og nytte i gamle fiskeplassar etter nedarva fortalte fiskemerke i nær tilknytting av området, inkludert oss.

Me har full forståing for Engesund Fiskeoppdrett AS sitt ønske om utvide aktivitet i eige firma. Fleire av oss undertegna har sjølv erfaring med fiskerinæring og oppdrettsnæring som løna arbeid. Me er fleire oppvaksne med sjø som næring i generasjonsarv og me ynskjer at næringa lukkas med sine mål.

Til tross for dette kan me på ingen måte anerkjenne at kommunen har gitt dispensasjon til å auke denne lokaliteten sitt omfang. Påtrykket som Masfjorden generelt har i forhold til fiskeoppdrett synes me etterkvart har nådd si grense. Men særleg med lokaliteten her på Duesund er påtrykket stort nok. Me minner og om at Engesund har tildelt lokalitet i nærliggande område som ikke er tatt i bruk på noverande tidspunkt.

Me stiller oss undrande til kva biologiske undersøkelser som ligg til grunn for rapporten frå rådgjevande biologar (omtalt i saksdokumentene) då me ikkje er kjende med gjennomgåande artsmangfoldsundersøkelser i nærområdet. Er det kartlagt naturtype og registrert artsmangfoldet på land/strand, fuglearter, marine arter og leirsandsarter i området vil me gjerne at kommunen tilsender (gjer kjent for) oss dette materiale for gjennomlesing. Om det ikkje er grundig kartlagt kan det ikkje utelukkast at det også her kan finnes rødlista arter i området. At det er eit rikt artsmangfold (fugl og dyr) i området er me alle kjende med og me ynskjer i friluftslivets interesse at området blir minst mogleg belasta, også for framtidige generasjonar. Alle som naturleg nyttar området til rekreasjon har alltid tatt særlig hensyn til dyre- og fugleliv i området. Alle nyttilkomne som nyttar seg av området blir ynskt velkomne og oppmoda om å vise hensyn til til dyre- og fuglelivet i området. Området blir nytta årlig av barnehage og skuleklassar, og ein del av andre frivillige organisasjonar.

Me vil også gjere kommunen oppmerksom på at det er fleire årlige observasjonar av oter i strandlinja i Grunnevik, Duesundøy og nærliggande strandområde av underteignede parter. Med tanke på at Masfjorden er tildelt oteren som «ansvarsart» ser me grunn for at belastningen på oteren sine levekår i nærområdet og må vurderas. Då med tanke på avfallsbelastning på biologisk mattilgang for oteren.

Kilde: «*Både Masfjorden og Stor-Elvdal kommune har fått oteren som «ansvarsart, og dermed et spesielt ansvar for å ta vare den»*. <http://naturvernforbundet.no/truede-arter-i-norge/oter-article25289-2625.html> . Oteren er på Rødliste 2015. Klassifisering VU (truet).

Badevika og nærområdet er nytta året rundt til rekreasjon for fastbuande, utflytta tilhøyrande på ferie og hyttebuarar i nærområdet, med hovudvekt på sommarhalvåret. Området er ein svært viktig møteplass for kjende og kjære med tilhørighet til staden.

Seinare år har interessa for kajakk og kanoaktivitet våre aukande lokalt. Badevika er velegna for og brukt som kursstad for kajakk. Fleire av underteikna har og eigen kajakk til rekreasjon. Startutgangspunktet for kajakkurar er Grunnevik.

Kvart år gjennom tiår har me som naboar og grunneigar gjennomført dugnadstid i badevika for å klargjere før badesesongen. Det blir blant anna skylt store mengder tang opp på grøntområde kvart år som me ryddar vekk. I tillegg har me de seinare år meir aktivt rydda annet avfall i nærliggande område. I år 2015 deltok me på den nasjonale strandryddedagen. Totalt blei det i 2015 fjerna 500 kg (23 søppelsekker + annet) avfall frå lokale vikar og strender av oss. Blant skrotet ser me også avfall som stammar frå fiskeoppdrett både av eldre og nyere dato. Me er også i år påmeldt til strandryddedagen 7.mai som «Team Duesund». Me finn det svært demotiverande for engasjementet vårt at nærliggande område kan tenkas å få ein meirbelastning i form av avfallsstoff av ulik karakter, gjennom gitt dispensasjon.

170 meters forlengning på anlegget er etter vår meining ein svært omfattende størrelsesendring frå noverande anlegg. 170 meters forlengning sør/vest sammenfallende med pålandsvind og flo/fjæremål vil etter vår meining framleis belaste badevika med slaggavfall og biofilm i vannskorpa, og då i økt omfang. Dette sjølv om det blir trekt lenger ut fra land.

Belastningen som er per i dag er innenfor toleransegrensa me som naboer kan tolerere. Me ønsker ikkje at denne fiskeoppdrettslokaliteten får eit slikt omfang som det her er søkt om. Me registrerer fylkesmannens uttalelse om manglende sårbarhetsanalyse forut gitt dispensasjon. Me kan ikkje forstå at kommunen her har det «så travelt» med å gi dispensasjon forut en grundig sårbarhetsanalyse? Dette og med tanke på nært forestående oppstart av revidering av noverande kommuneplan som denne disposisjonen er gitt ut fra.

Me syns lite om at me som lokalbefolkning ikkje er informert av kommunen om denne saka. Det er lite kjekt å lese i avisa om vedtak som berører oss i denne grad uten forhåndsinformasjon frå kommunen.

Som innbyggere i Masfjorden er me skuffa over at formannskapet velger å gå utanom vedteken arealplan som seier at området er særskilt friluftsområde. Me er og skuffa at disposisjon blir gitt i dette tilfelle i strid med tilråding frå Fylkesmannen. Då spesielt når kommunen har klassifisering i sine kartblad av strandlinja i Grunnevik og ut i sjø inkludert holmen er H530 «Soner med særskilt angitt omsyn. Omsyn friluftsliv».

Me vil sterkt oppmode Masfjorden formannskap om å ikkje oppretthalde gitt disposisjon.

Me håper vår klage blir lagt til saksutgreiinga.

Med venleg helsing

Lars Haukeland

Kamilla Haukeland

Tommy Haukeland

Larise Madse

Magne Opdal

Christen Gjelløy

Ase Ljelløy

Morten Gullvorn

Sissel Haukeland

Magnar Vælli

Margrete Størn

Amund Nordli

Hugo Bukheland -Steise

Arvid Dyrnes

Halvard Gullaksen

Mary Haukeland  
Therese H. Nordli  
Endre T. Wjstrand